



# Vestre Slidre kommune

## Kommunedirektør

INNLANDET FYLKESKOMMUNE  
Postboks 4404 Bedriftssenteret

2325 HAMAR

Vedtaksbrev

<b>Saksnr.</b>	<b>Journalpost</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Saksbehandlar</b>	<b>Vår dato:</b>
2023001552	25/9139	K2-Q13	STAROL	22.05.2025

## Ref 2024/4694 - Høyring - handlingsprogram for fylkesvegar i Innlandet 2026-2029

### Formannskapet- 025/25, har i møte 22.05.2025 09:00 fatta følgjande vedtak:

Vestre Slidre kommune ser positiv på at arbeid med dei øverst prioriterte utbetringstiltaka er fulgt opp utanfor handlingsprogrammet og at fylkeskommunen prioriterar gang og sykkelveg langs Slidrevegen til Viovegen.

Vestre Slidre kommune ber om at prioriteringane som er meldt tidlegare blir oppretthalde som grunnlag av revidering av handlingsprogrammet i åra framover.

Vi vil rose fylkeskommunen for vedlikehaldsprofil, der de satsar på vedlikehald framfor bygging av ny veg, då midlane er for små til å forsvare nybygging.

Vi vil seta spørsmålsteikn ved satsing på dyr ferje Gjøvik – Hamar når eksisterande kollektivtilbod er bra og det ikkje tek lenger tid med bil mellom byane. Kollektivtilbodet i resten av fylket blir bygd ned.

### Punkt fire i høyringa der fylkeskommunen ønskjer innspel om satsing på lokale turstigar:

I Vestre Slidre kommune vil vi dra fram turstig i Slidre sentrum frå tingsteinen, langs vannkanten nord til prestegarden og den gamle tingplassen/kommunesenteret Volden (Opp Vølladalen). Dette prosjektet er ein del av sentrumsutviklinga i Slidre sentrum (Eldvegen), der fylkeskommunen allereie er inne med midlar til andre tiltak. Det vart tilrettelagt her for ny stig då ny E16 vart bygd for om lag 30 år sidan, mellom anna med kulvertar slik at gåande kunne koma under E16. Stigen er no rydda, men det manglar rundt 100 meter med tilrettelagt stig i midten av strekninga og stigen treng truleg oppgradering med duk og veggrus.

Vi har elles parsellar av kongevegen i kommunen og den gamle bronsealdervegen «Kvamsvegen» mellom Lomen stavkyrkja og Volbu kyrkje. Frå Volbu går stigen vidare til Gausdal. I andre retninga vidare mot Vang og vestlandet. Både Kongevegen og Kvamsvegen er viktige kulturhistoriske stigar som med fordel kunne fungere som regionale tiltak, då dei går gjennom fleire kommunar.

Kart som syner turstig i Slidre sentrum frå tingsteinen, langs vannkanten nord til prestegarden er lagt ved. Turstig er merka med raud stipla line.

<b>Postadresse:</b>	<b>Telefon:</b>	<b>Telefaks:</b>	<b>Direkte til saksbehandlar:</b>	<b>Organisasjonsnummer:</b> 961 382 157
Slidrevegen 16	61 34 50 00	61 34 50 50	61 34 50 00	
2966 SLIDRE			Rolf.Staleng@vestre-slidre.kommune.no	<b>E-post:</b> post@vestre-slidre.kommune.no <b>Internett:</b> www.vestre-slidre.kommune.no

Med helsing

Rolf Stalenget  
kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan underskrift.

**Vedlegg**

Tursti - Tingsteinen - langs Slidrefjorden nordover  
nedenfor E16

240560

22.05.2025

